

Odda vegfinans AS

Organisasjonsnummer: 996 559 459

Protokoll frå generalforsamling i Odda vegfinans AS - 10. mars 2014.

Desse var representert:

Hordaland fylkeskommune v/ Toralv Mikkelsen	130 aksjar
Odda kommune v/ John Opdal	10 aksjar
Vinje kommune v/ Arne Vinje	10 aksjar
Seljord kommune v/ Jon Svartdal	10 aksjar
Ullensvang herad v/ Terje Bleie	10 aksjar

I alt var då 170 aksjar (av totalt 250) representert på generalforsamlinga.

1. Godkjenning av innkalling og fullmakter.

Det var ingen merknader til innkallinga og fullmaktene vart godkjent.

2. Val av møteleiar og referent.

Som møteleiar vart vald John Opdal.

Som referent vart vald Børge Skårdal.

3. Valg av 2 aksjonærar til å underteikne møteprotokollen.

Til å underteikne protokollen vart vald Toralv Mikkelsen og Jon Svartdal.

4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap.

Vedtak:

Framlagd årsmelding og rekneskap blir godkjent.

Underskot på kr. 56.653 blir dekt inn slik:

Overført frå annan eigenkapital	9.901
---------------------------------	-------

Overført til udekka tap	46.752
-------------------------	--------

5. Val av revisor.

Vedtak:

Generalforsamlinga vel Odda Revisjon AS v/ Nils Magnus Berge til revisor.

6. Godtgjering til styret.

Vedtak:

Styregodtgjering held fram uendra slik som vedtatt seinast på generalforsamling i 2013.

Godtgjeringa blir då slik:

Styreleiar	15.000 kr
Styremedlem	6.250 kr
Pr. møte for varamedlem:	1.000 kr
Tapt arb.forteneste:	Inntil 250 kr/t og inntil 6 timar (maks. godtgjering 1.500 kr/dag).
Reiseutgifter:	Statens satsar (når ikkje abeidsgjevar/oppdragsgjevar betalar).

7. Val

Det må gjerast suppleringsval på eit styremedlem etter at Solveig Sundbø Abrahamsen har bedt seg fritatt sidan ho nå møter fast på Stortinget. Det skal også velgast valkomité.

Vedtak:

Følgjande blir vald til styret:

Som styremedlem: Hilde Alice Vågslid (ordfører i Tokke), ny
Som personleg varamedlem: Arne Vinje (ordfører i Vinje), attval

Som valkomité blir vald:

Mona Hellesnes, leiar

Toralv Mikkelsen

Kjell Gunnar Heggenes

Orienteringssak.

Etter at dei formelle sakene var ferdig handsama, blei det gitt ei orientering av Statens Vegvesen v/ Arnfinn Ansok om reguleringsarbeidet for prosjektet.

Det pågår nå ei intern drøfting mellom SVV (region sør og region vest) og Vegdirektoratet om standardval, dvs. breidde på både veg i dagen og tunnelprofil. I tillegg er det dialog med Riksantikvaren knytt til at strekninga mellom Haukelitunnelen og Vågslitunnelen er freda. Tidsaspektet for avklaring/avgjerd er usikkert.

Møtet slutt kl. 14.00.

Odda 10. mars 2014,


Toralv Mikkelsen


Jon Svartdal